


Ti Turar i Time 2023



Trygg og framtidsretta
time.kommune.no



Oversikt turar

1. Brusaknuden
2. Ulvarudlå
3. Låglia
4. Bjødnalia
5. Lyngaland
6. Bursfjell
7. Stemmen
8. Lyefjell rundt
9. Undheim-Botnen-Taksdal
10. Midgardsormen rundtur, sykkeltur

Som turgårar er me på andre sin eigedom og det kan vera dyr på beite der turen går. Hugs desse punkta:

- Dei fleste turane går på innlandsbeite, her gjeld ikkje allemannsretten
- Hald hunden i band og respekter bandtvangen
- Lukk grinder
- Vis omsyn når du parkerer, slik at du ikkje hindrar eksempelvis grunneigarane å koma fram med landbruksmaskinar.
- Hald deg til stien slik du unngår at den vert breidare

Noter på turkortet datoen du var på turen. Det er ikkje utplassert klippetenger.

God tur i jærsk natur!

Me takkar grunneigarane som tillet og legg til rette for tur på sin eigedom.

Takk til samarbeidspartnerane våre som sponser hovudpremiane



1. Brusaknuden

Fottur, 7,8 km, rundtur, middels

Tilkomst

Turen starter frå parkeringsplassen ved fv. 504, Buevegen, rett aust for Husavatnet.

Turinformasjon

Turen er ein topptur til Brusaknuden, som er den høgaste toppen på Jæren, og er 432 moh.

Turen startar på gardsveg opp til Kartavatnet. Her deler vegen seg. Følg vegen langs vatnet slik skiltet viser. Stien held fram i skogen og til bekken som du må kryssa for å koma på rett sti vidare. Nå går det bratt oppover Bruaberget. Deretter går stien rundt sørsida av Toraknuten før den siste oppstiginga til Brusaknuden begynner. Du kan ta returnen same vegen eller fortsetta på merka rute nordover mot Ognedalsstølen. Før du kjem heilt ned til Ognedalsstølen tek du av grusvegen til venstre, der det er skilta til Kartavatnet og p-plass. Følg så stien tilbake til p-plassen ved Husavatnet.

Turen kan også kombinerast med tur til Karten. Turen opp hit går på god grusveg og du får fin utsikt frå toppen som er 421 moh. Til Karten er det mogleg å koma opp med barnevogn.





Produert 21.03.2023 av LD,
geodataavdelingen, Time kommune


2. Ulvarudlå

Fottur, 7 km, rundtur, middels


Tilkomst

Du kan starta turen både frå Tjåland og Aurenes. Det er skilta til parkering begge stadar frå fv. 4410 (201), Sikvalandsvegen. For å koma til parkeringsplassen på Tjåland må du passera gjennom to grinder. Hugs å lukka desse.

Turinformasjon

Rundturen via Ulvarudlå er om lag 7 km. Frå Tjåland er det mogleg å gå til Fiskelaustjødn med barnevogn. Turen til Ulvarudlå går på gardsveg og i terregng. Turen er merka med rauda merkepålar.

I dette landskapet møter du både sauер og geiter som er ein del av skjøtselen av kystlyngheiområda våre. Har du flaks, er kanskje havørna på besøk.



3. Låglia

Fottur, 6,7 km, tur/retur, middels

Tilkomst


Frå Undheim følgjer du Sikvalandsvegen, fv. 201, forbi Knudahio mot Sikvaland. Det er skilta til parkeringsplass på begge sider av vegen. Vis omsyn når du parkerer, slik at du ikkje stenger gardsvegen.

Turinformasjon

Turen går først i terrenget før ein kjem til jordbruksveg. Nokre plassar kan det vera blautt, så hugs gode sko.

Turen har enkelte bratte parti, så turen kan opplevast krevjande for små barn. Låglia er ein gammal buplass, der folka budde og levde året rundt. Det var ikkje nettopp noko lettvint liv dei hadde. Men «steinauga» hadde dei. Sjå sjølv og vert imponert, ikkje minst av steinarbeidet deira.

Ver merksam på storfe på beite store delar av året i dette området. Dei er stort sett snille og greie, men kan vera lettskræmde – og forvitne på framande hundar.



4. Bjødnalia

Fottur, 7,3 km, rundtur, middels

Tilkomst

Det er skilta til p-plass i Sælandsskogen frå Sælandsvegen, fv. 205.

Turinformasjon

Turen til Bjødnalia er ein rundttur gjennom Urådalen til Bjødnalia og tilbake til p-plassen via Sjelset.

Frå p-plassen følgjer du turstien mot Urådalen og forsett mot Moldtjørn og vidare mot Bjødnalia. Tilbaketuren går om Sjelset på traktorveg. Stien inn Urådalen er steinete, og det kan i periodar vera ganske vått på stien.

Bjødnalia er ein nedlagd husmannsplass. Du kan også ta ein tur opp på toppen av Blåfjellet. Då følgjer du skilting til Sælandsfjellet. Turen er markert på kartet.



Produert 21.03.2023 av LD,
geodataavdelingen, Time kommune



Taksdalsvatnet

Uradalen

P

Blaafjellet

Allstøren

Sælands-
skogen

Moldtjørn

Bjørnallia

Skogafjell

Sælandsfjellet

Bukkenhuten

Engjamyrene

Jyngaland
Helane



Floen

Kleiva

Sjerset

Bjørnelivatnet

0
250
500
Meter



5. Lyngaland

Fottur, 4 km, rundtur, enkel

Tilkomst

Det er skilta til parkeringsplass i Sælandsskogen, frå Sælandsvegen, fv. 4428 (205).

Turinformasjon


Frå p-plassen i Sælandsskogen må du må kryssa Sælandsvegen og gå litt sørover på vegen før du kjem til skilt som viser veg til høgre inn ein gardsveg. Denne fører nordover mot Lyngaland.

Lyngaland er eit landskapsvernområde, med synlege restar av hustufter, gravrøyser og gardfar frå folkevandringstida.

Frå dei gamle ruinane kan du velja å gå vidare nordover til Melsvatnet, ta ein runde rundt vatnet og ta turen tilbake til p-plassen. Eller du kan følga ruta på kartet tilbake.

Det er sett opp skilt og gjerdeklývarar på turen.





6. Bursfjell

Fottur, 6 km, rundtur, middels

Tilkomst

Turen startar ved Eikeland skule, der det er parkering. For å koma dit tek du av Ålgårdsvegen, fv. 506. Det er skilta til Eikeland skule frå fv. 506.

Turinformasjon

Bursfjell ligg i Time, og grensar til Gjesdal. Toppen er 365 moh. så om veret er fint, kan du nyta ei imponerande utsikt frå toppen.


Turen til Bursfjell er ei rundløype. Enklaste veg er å følga gardsvegen mot Ødegård. Rett før gardstunet tek du til venstre over ei ferist og forset på grusvegen til du er heilt på baksida av Bursfjell. Oppstigninga her er ikkje så bratt som på vestsida av fjellet.

På toppen av Bursfjell kan du returnera mot Eikeland via Riset. Då følger du dei rauda merkepålane ned den bratte vestsida av fjellet, går rundt nordsida av Gunnhildstjørn og over beitemark til du treff grusvegen. Her tek du til høgre og følger grusvegen forbi Riset og tilbake til Eikeland skule.

Når du er på toppen av Bursfjell, kan du også gå vidare til Ålgård.

Turen kan også kombinerast med tur til Bjødnalia og Blåfjellet. Slik kan du laga ein flott topptur til Bursfjell kombinert med ein rundtur rundt Sælandsfjellet.





7. Stemmen (Kverneland)

Fottur, 4,5 km, rundtur, enkel, passar for barnevogn og sykkel.

Tilkomst

Turen startar ved Smiå på Kverneland, kor det er mogleg å parkera. Turen er merka med skilt med rauda T-ar på.

Turinformasjon


Smiå ligg ved Frøylandsånå, og det var her Ole Gabriel Kverneland i 1879 etablerte si første smie. Denne er i dag eit museum.

Herfrå går turen til Stemmen, kor det i 1895 vart bygd ein demning med kanalar som fungerte som energimagasin for Kverneland fabrikk.

Turen går vidare gjennom Stemmen park og rundt Kverneland omsorgssenter. Vidare forbi ein flott gapahuk i friluftsområdet Kræjen. Turen går vidare på grusveg bak gapahuken og vidare mellom byggefelt og landbruksjord. Løfter du blikket mot nordaust kan du sjå Brekkenuten som ligg 137 moh.

Deretter går turen inn Brekkevegen og vidare inn i byggefeltet Floen, kor det er mange leikeplassar for barn. Turen går på gang-og sykkelvegar tilbake til Smiå.





Produert 21.03.2023 av LD,
geodataavdelingen, Time Kommune



8. Lyefjell rundt

Fottur, 5 km, rundtur, enkel

Tilkomst

Turen startar ved Monsanut barnehage, der du kan parkera.

Turinformasjon

Flott rundtur i Jærsk natur.

Følg gang- og sykkelveg mot nord og fortsett langs grusveg opp i heia. Turen går stort sett i greitt terreng, men det kan vera veldig blautt opp forbi Ulvatjørn.

Det er en fin rastepplass/teltplass ved Ulvatjørn. Hugs å ta avfallet med heim att.

Frå Ulvatjørn går turen over Joglamyr til Åsen, der du går på skogsvegar. Turen går sørover og forbi garden på Åsen. Du må igjennom tunet for å følge grusveg retur til Lye. Sjå etter blått skilt.

Respekter båndtvangen.





9. Undheim-Botnen-Taksdal

Fottur, 8 km, rundtur, enkel

Tilkomst

Turen startar frå parkeringsplassen ved Undheimhallen, Sælandsvegen 19, 4342 Undheim. Du kan parkera her eller på Undheim skule, Bjønnholen 10, 4342 Undheim.

Turinformasjon


Turen starter frå parkeringsplassen ved Undheimhallen og kryssar Sælandsvegen ved barnehagen og følger raudmerka pålar vidare.

Heile turen er merka med raude merkepinnar og er ein rundtur frå Undheim om Tunheim, Botn og vidare mot Taksdal. Turen går stort sett på markavegar i område med aktivt landbruk.

Hugs bandtvang!

Når du kjem til brua på Taksdal tek du til høgre og følger gangstien langs Sælandsvegen tilbake til start. Gangstien tilbake til idrettshallen er ikkje merka med raude merkepinnar. Underlaget på gangstien er grus.

Når du kjem til garden Botn, går du forbi eit kvitt, gammalt hus. Huset er bygd i 1910. Eigarane, Jartrud Gudmestad Undheim og Sigmar Undheim, har restaurert huset tilbake til slik det vart bygd, og fekk i 2015 Time kommune sin byggeskikkpris for måten dei har restaurert huset på. Huset er av typen «Sandneskasse». Denne type hus oppstod på andre halvdel av 1800-talet på Sandnes, og var vår tids første «ferdighus».



10. Midgardsormen rundt

Sykkeltur, 9,5 km, rundtur, enkel

Tilkomst

Du kan starte turen frå parkeringsplassen ved Storstova.

Turinformasjon

Ein flott sykkeltur i variert jærsk landskap.

Start frå parkeringsplassen ved Storstova følg gang- og sykkelvegen austleg retning til 1900-krysset og vidare nordover langs vegen i retning Njåskogen.

Når du kjem Njåskogen er det ein undergang frå gang- og sykkelvegen inn i skogen. Når du kjem til skogen følgjer du stien rett fram til du kjem til eit kryss og kan velja om du vil ta til høgre vidare inn i skogen, eller sykla stien nærmast vatnet.

Kryss Midgardsormen og følg lysløypa langs Frøylandsvatnet via Sandtangen tilbake til parkeringsplassen.

Dagsturhytta (Frøya) i Klepp kommune ligg langs Frøylandsvatnet i nærleiken av Midgardsormen, og er eit ynda rastestopp for barnefamiliar.








Foto: Ingve Lende

Har du lyst å gå fleire turar? Sjå Jæren turlag si nettside.
Her finn du oversikt over turar med turleiar.

Nærturar - Gå på tur der du bur!
I samarbeid med Jæren Turlag har kommunen merka
åtte nærturar. Sjå www.time.kommune.no

Tek du bilde du har lyst å dela med oss, og som me kan få bruka
fritt i alle våre kanalar, er me takksame om du sender dei til
kommunikasjon@time.kommune.no

